



Spar Uskedalen si Grand old lady, Hjærdis, ønskjer velkommen i kaffikroken.

Spar Uskedalen har lenge vore kjent for sin gode service og si heilt spesielle evne til å skapa god stemning for kundane i butikken. Også på marknadsføringssida gjer dei kreative og artige ting. Då kundane kom inn i butikken i dag, fekk dei verkeleg oppleva eit blinkskot i så måte. Den populære kaffikroken var bygd inn med dorullar på kjempetilbod.



Tre av dei faste i kaffikroken, Arne Terje Haugland, Gunnar Eik og Leon Gundersen, kosa seg litt ekstra i dag.

Vi som føl Spar Uskedalen på facebook, har stadig opplevd gode og artige marknadsføringsstunt i det siste. Dei har blitt presentert både ved bilde og små videosnuttar. Denne veka har Spar kanontilbod på toalettpapir. Litt over 2 kroner rullen for dopapir av beste kvalitet. I samband med dette la dei tidleg i veka ut ein videosnutt som viser at tre av dei tilsette pakkar inn Vigdis Haugland i dette papier på facebook.

I dag fulgte dei opp, og resultatet var at dei aller fleste kundane drog på smilebandet og synstest det var artig då dei kom inn i butikken. Den populære kaffikroken var bygd inn av ein vegg av dorullar. I veggjen var det både vindauge og dør med espalier. Sjølv sagt var det ein god del, både faste og tilfeldige gjester, som tok turen inn døra til kaffikroken. Der vart ein møtt med gratis kaffi og sjokoladegodt til.

Stemningen var svært god. Drøsen gjekk godt, og mange positive kommentarar kom om det artige stuntet. Artig var det var det også å sitja og leggja merke til smila og kommentarane frå blide forbipasserande kundar. Dei tilsette ved Spar Uskedalen kan verkeleg skapa god stemning i butikken!



Hjørdis Holgersen og Målfrid Myklebust kosa seg med henholdsvis campuccino og caffe latte.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland